



130 kom på skulemusikkbasaren!

Skulekorpset har skikkeleg medvind for tida og ligg framleis nær basartoppen. Det møtte rundt rekna 130 i Helgheim då den årvisse basaren vart avvikla i ettermiddag og det er lenge sidan oppslutnaden var så stor seier dei som har historisk oversyn.

Resultatet vart deretter, det enda på 40 295 kroner etterat lodsalet på førehand hadde nådd 26 108. Rekorden er 41 000 opplysar dei samme veteranane. Konklusjonen blir at korpset nesten har nådd basartoppen i bygda. Såvidt vi veit er det helselaget som har bestenoteringa i dei seinare åra med vel 45 000 kroner



Joakim Myklebust vann bilbane!

Basaren hadde det tradisjonelle opplegget og vart innleia med 20 minutters konsert som viste at dirigent Tor Skeie Olsen har ei lukkeleg styring på korpset som no har 21 musikantar når aspirantane ikkje blir rekna med.



Dei ferskaste av musikantane presenterar seg

Trommegruppa med Tørres Lekva Myklebust, Jostein Soldal og Vidar Eidsvik var blant dei som presenterte seg på ein ekstra positiv måte, men så har dei også hatt Sindre Aksnes som lærar.

10 av dei som har slutta seg til korpset sist hadde også ein god gruppe-opptreden.



Gro Hjelmeland og Elin Enes igang med sjølve basaren

Sjølve basaren var minst like velorganisert som i tidlegare år. Regien var noko strammare enn før ettersom dei konsentrerte seg om åresalet og gjorde alt unna på 2 timar. Så var det da også som summen fortel gjort ein imponerande innsats med loddsal på førehand der ikkje minst korpssmedlemmene sjølve får ros av kjøparar for fin opptreden. Førehandssalet med tilhøyrande trekning hadde også denne gongen nokre gode poeng. Eit som tydeleg gjorde inntrykk var at Hans Reidar Kjærland vann eit legosett!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Trommegruppa imponerte. Her står dei lengst framme